



Tingvoll kommune

Økokommunen –
bedre løsninger for mennesker og miljø

Arkiv: 002
Arkivsaksnr: 2014/639-56
Saksbehandler: Olaug Haugen

Saksfremlegg

Utvælg	Utvælgssak	Møtedato
Formannskapet	63/2016	07.06.2016
Kommunestyret	23/2016	16.06.2016

Kommunereform i Tingvoll - sluttbehandling

Vedlegg

- 1 Status interkommunale samarbeid pr. 2013
- 2 Kommunereformen - fakta om kommunen - statistikk
- 3 Samlevurderinger fra Telemarksforsknings utredninger

Saksopplysninger

Dette er kommunestyret i Tingvoll si sluttbehandling av saka om kommunereform. Arbeidet har pågått i perioden 2014-16 både i eigen kommune og i samarbeid med kommunane på Nordmøre via Orkide Nordmøre regionråd, og prosjektleiar der.

I denne saka vil rådmannen gjera vurderingar for Tingvoll kommune knytta til dei nasjonale måla for reforma. Vi vil synleggjera dette i høve til kommunestyrets to vedtatte alternativ for reforma: Eigen kommune, eller seks-kommune (6K) alternativet på ytre Nordmøre. I tillegg vil vi synleggjera og drøfta kommunane si rolle i det nasjonale styresettet. Rådmannen vil gje innstilling i saka på ordinær måte.

Nasjonale perspektiv for behovet for kommunereform:

18.06.14 handsama Stortinget oppstart av arbeidet med kommunereform. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) skriv dette slik i sitt oppdragsbrev til fylkesmennene datert 03.07.14

«Regjeringen la 14. mai 2014 frem kommuneproposisjonen 2015 som inneholdt en meldingsdel om kommunereformen. I meldingsdelen beskrives viktige utviklingstrekk, mål for reformen, en plan for gjennomføringen av reformprosessen og virkemidler i reformen. Kommunal- og forvaltningskomiteen la 12. juni frem sin innstilling (Innst. 300 S (2013–2014)) om kommuneproposisjonen 2015. Saken ble behandlet i Stortinget 18. juni. Stortings behandling viser at det er flertall på Stortinget for en reform. Det er også bred politisk tilslutning til at det er behov for endringer i kommunestrukturen, målene for reformen, og at prosessene skal starte opp til høsten. Det er også enighet om de økonomiske virkemidlene. Statsråden vil over sommeren invitere alle landets kommuner til å delta i prosesser med sikte på å vurdere og å avklare om det er aktuelt å slå seg sammen med nabokommuner.»

Følgjande fire mål har regjeringa sett for reformen:

- Gode og likeverdige tenester
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige/ økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Dette er dei 10 kriteriene ekspertutvalet som regjeringa sette ned i 2014, meiner kommunane må vurdere i forhold til velferdstenester i framtida:

1. Kapasitet
2. Relevant kompetanse
3. Tilstrekkelig distanse
4. Effektiv tjenesteproduksjon
5. Økonomisk soliditet
6. Valgfrihet
7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområder
8. Høy politisk deltagelse
9. Lokal politisk styring
10. Identitet

Dette kan samanstillast slik:

Tenesteyting	Kriterier
	Tilstrekkelig kapasitet Relevant kompetanse Effektiv tenesteproduksjon Økonomisk soliditet Valfridom

Myndighetsutøvelse og rettsikkerhet	Kriterier
	Tilstrekkeleg kapasitet Relevant kompetanse Tilstrekkeleg distanse
Samfunnsutvikling	Kriterier
	Funksjonelle samfunnsutviklingsområder Relevant kompetanse Effektiv tenesteproduksjon

Styrket lokaldemokrati	Kriterier
	Høg politisk deltaking Lokal politisk styring Lokal identitet

Om nye oppgåver til framtidas kommunar

Ekspertutvalg la fram forslag om nye oppgåver til kommunane, og dette vart også presentert i ei eiga Stortingsmelding. Formannskapet vart informert om dette i sitt møte i februar 2015. Her følger nokre av oppgåvene som ekspertutvalget la fram:

- Psykisk helsevern – Tverrfaglig spesialisert rusbehandling – Habilitering og rehabilitering
- Hjelpeidler – Barnevern – Arbeidsmarkedstiltak – Videregående opplæring –
- Kollektivtransport – Fylkesveger – Virkemidler for lokal nærings- og samfunnsutvikling


Regjeringa har enda ikkje vedtatt dei nye oppgåvene for kommunane.

Faglege utgreiingar på Nordmøre

Faglege utgreiingar basert på dei fire nasjonale hovudmåla for kommunereform er for Nordmøre og Tingvoll gjennomført av Telemarksforskning. Fire rapportar er utarbeida, basert på kvart mål, og dei er vurdert i høve til alle strukturalternativa på Nordmøre (15). Tingvoll kommune er med i 4 av desse utgreiingane. I tillegg har Telemarksforskning gjort ei utgreiing av Tingvoll som eigen kommune. Kommunestyret har fått lagt desse rapportane fram for seg i møta 26.11.15 og 27.01.16. I tillegg har det vore gjennomført ein fellespresentasjon for alle kommunestyra på Nordmøre 05.11.15. I denne saka vil vi supplere utgreiingsarbeidet med informasjon og vurderingar gjort i eigen administrasjon av fagfolk og leiarar.

Vedlagt denne saka følgjer « sluttbilder» frå kvar av dei 4 rapportene på 6K alternativet (inkl. Smøla), og for Tingvoll som eigen kommune.

Fakta om Tingvoll kommune



Tingvoll kommune er ei halvøy som ligg sørøst for Kristiansund, mellom Halsafjorden i nordøst, Tingvollfjorden/ Sunndalsfjorden i sørvest og Sunndalsøra inst i fjordsystemet.


Den største konsentrasjonen av busetnaden ligg i tettstaden og administrasjonssenteret Tingvollvågen som ligg ca. midt på halvøya. Frå kommunesenteret er det ei reisetid med bil på ca 45 minutt til Sunndalsøra, ca 60 minutt til Kristiansund, og ca 80 minutt til Molde.

Kommunen har eit samla landareal på 337 km² og har 3 111 innbyggjarar. (per andre kvartal i 2015).

Tingvoll har svært gamle kulturminne som er synlege tidsvitne om vårt samfunn. Eit av skandinavias største hellemalingsfelt er her med 5-6000 år gammal bergkunst, vi har «Nordmørdomen» som er middelalderkyrkja frå ca 1180, og vi har vikingegraver. Sjølve namnet Tingvoll fortel om tingstaden.

Tingvoll har eit næringsliv prega av eit sterkt landbruk og skogbruk, knoppskyting frå landbruket i ny produktutvikling, eit næringsliv i nisjer eks innan teknologi, fiskeoppdrett, entreprenører og forskning. Tingvoll er økokommune, og blant anna har Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) og Norsk Senter for Økologisk landbruk (NORSØK) eit betydeleg forskningsmiljø her.

Tingvoll er i dag eit internasjonalt samfunn. Kommunen driv asylmottak for ca 150 menneske frå store delar av verda, og det har vi gjort i over 20 år. Vi buset også flyktingar. Vi har eit nært samarbeid med Tingvoll vidaregåande skole om opplæring.



Vedlagt denne saka følgjer slik statistikk om kommunen:

- Befolkningsutvikling- og prognose 2000 – 2035
- Befolkingssamansetning prognose 2015 – 2035
- Næringsstruktur - arbeidsplassdekning
- Pendlingsstatistikk

Prosessen i arbeidet med kommunereform

Kommunestyret (KS) i Tingvoll har i perioden 2014 -2016 handsama 10 saker om kommunereforma. I tillegg har saker vore handsama i formannskap og valstyre.

Prosessen med kommunereforma **2014 -2015** er skildra i sak 01/16 til kommunestyret den 07.01.16 med tema oppstart, utgreiingsfase og sonderingsfase. Etter dette tidspunktet har følgjande vore gjennomført i **2016**:

Sonderingsfase:

- KS sak 07.01.16 om retningsval

I denne saka fall alternativet «Nordmøre som ein kommune» bort, både etter analyse i Telemarksforskning og mangel på interesse for dette alternativet i fleire aktuelle kommunar i regionen.

I sonderingsfasen vart det på nytt reist debatt om strukturalternativet Tingvoll – Sunndal-Nesset noko som viser i KS saka vedtatt 07.01. Dette medførte initiativ frå politisk leiing overfor desse kommunane, og påfølgjande vedtak hos dei. Sunndal var open for alternativet, og Nesset var villig til å forhandle om delar av Tingvoll. Dette førte til saka om grensejustering.

Forhandlingsfase:

- KS sak 18.02.16 Kommunereform – grensejustering som tema.

- Regionale forhandlingsmøter i 6K dato 16.12.15, og deretter i 2016: 20.01, 13.02, 29.02 og 18.05.
- Ordførersamling: 08.01.16 og 09.02.16
- Ordfører og rådmenn: 22 og 23.02.16 samt 26.04.16.

Beslutningsfase:

- **KS sak 17.03 om behandling av intensjonsavtale 6K**

17.03 fatta kommunestyret retningsvalg i kommunereforma med følgjande vedtak, og det er desse to alternativet som låg til grunn for folkerøystinga 25.04.

«Kommunestyret i Tingvoll vedtek å leggja « Intensjonsavtale mellom kommunane Kristiansund, Aure, Averøy, Gjemnes, Halsa og Tingvoll» ut til lokal rådgjevande folkerøysting, saman med alternativet «Tingvoll som eigen kommune» (..)

- KS sak 17.03.16 Utforming av stemmeseddel til folkeavstemminga 2016
- Kommunereformen som tema med hovudtillitsvalgte 02.03 og 30.05 og informasjon til alle tilsette på e-post, allmøte på kommunehuset 29.03, SWOT i rådmannens stab i ulike møter i april og virksomhetsleiarmøte 11.05.16
- Dialog med ungdom på vidaregåande skole og ungdomsskolen 08.04.16
- Folkemøte 15.02.16 og 11.04.16
- Utgjeving av Eikebladet (nr 3) som informasjonsblad om kommunereforma til alle husstander 22.03.16
- Oppdaterte heimesider om kommunereforma frå 15.01.16
- Innbyggjarhøyring gjennomført 10 – 20 april
- Rådgjevande folkerøysting gjennomført 25.04.16. Forhåndsrøysting i perioden 22.03 – 20.4
- Presentasjon av innbyggjarundersøking og godkjenning av folkerøysting i KS 28.04.16
- Sak om kommunereform til sluttbehandling i FS 07.06.16 og KS 16.06.16

Intensjonsavtalen er mellom seks kommunar på ytre Nordmøre *Kristiansund, Aure, Averøy, Gjemnes, Halsa og Tingvoll* –

Hovudtema i avtalen er:

Bakgrunn

Plattform for arbeidet – verdigrunnlag

Mål for den nye kommunen

- Lokaldemokrati
- Myndighetsutøvelse
- Tenestestruktur
- Samfunnsutvikling

Kommunenavn

Organisering av den nye kommunen

Kommuneøkonomi

Ansatte

Vurdering

Om kommunane si rolle i det nasjonale styringssystemet.

I dette avsnittet ønskjer vi å peike på ein del grunnleggjande forhold mellom staten og kommunane, og vil synleggjera kommunane si vesentlege rolle det norske styringssystemet. Norge er ein einskapsstat. Maktfordelinga er grunnlovsfesta med direkteval til den lovgjevande forsamlinga Stortinget, prinsippet om parlamentarisme ligg til grunn for utnemning av den utøvande makta - regjering, og domstolane har den dømmande makta. Stortinget overfører makt og mynde til fylkeskommunar og kommunar gjennom allmenn lovgjeving og økonomisk rammefinansiering. Kommunane si makt er slik avleia statsmakt. Men i tillegg til Storting og regjering har kommunane og fylkeskommunane eigne politiske system. Desse er organiserte som eit representativt demokrati innanfor geografisk avgrensa område. Kommunalforskning viser at forholdet mellom staten og kommunane ikkje kan forståast som eit hierarkisk styringssystem, men i realiteten er meir prega av partnerskap og gjensidig avhengighet.

Det lokale folkestyret har ei sterk stilling i Norge, og representerer verdiar knytte til folkeleg deltaking og lekmannsinnverknad på løysinga av viktige fellesoppgåver. Prinsippet om det kommunale sjølvstyret har til no ikkje vore grunnlovsfesta, men ein veletablert del av den norske politiske styringskulturen. 31.03.16 vedtok Stortinget å grunnlovsfesta det kommunale sjølvstyret med § 49 «*Innbyggerne har rett til å styre lokale anliggender gjennom lokale folkevalgte organer. Nærmore bestemmelser om det lokale folkevalgte nivå fastsettes ved lov»*

Den kommunale verksemda er i hovudsak finansiert gjennom statlege overføringer, og det er Stortinget som legg rammene som kommunane skal operera innanfor. Dette vert mellom anna gjort gjennom lov- og budsjettvedtak .

Kommunane har også høve til å ta på seg oppgåver og yta tenester i tillegg til det staten pålegg dei å gjera. Handlingsrommet til kommunane er med andre ord negativt avgrensa, og dette opnar for at kommunane kan engasjera seg på ei rekkje felt. Ein føresetnad er at oppgåvene og verksemda ved lov ikkje er lagde til andre forvaltningsnivå. Oppgåveløysinga til kommunane er i praksis også avgrensa av kommunane sine økonomiske vilkår – ein stram kommuneøkonomi vil styrka fokuset på dei lovpålagte oppgåvene, særleg innan velferd. Mange politiske og administrative leiarar vil nok oppleve at kommunane har lite handlingsrom. Eit sentralt spørsmål i denne samanhengen er om kommunane er meir enn iverksetjarar av statleg politikk ?

Kommunane er arenaer for lokalt demokrati, leverandørar av lokale velferdstenester og myndigheitsorgan. I tillegg har kommunane viktige rollar som lokale utviklingsaktørar i partnarskap med sivilsamfunnet – friviljuge organisasjonar og næringslivet.

Grunnleggjande verdiar knytta til forholdet mellom kommunane og staten er : **Fridom, demokrati, effektivitet og kvalitet.**

Lokalt folkestyre handlar om nærliek mellom innbyggjarane og politiske avgjerder som gjeld lokale tilhøve. Denne nærliken er viktig av fleire grunner. Mellom anna medverkar han til å redusera politisk framandgjering og å auka interessa for politisk deltaking ved at innbyggjarane får høve til å påverka forhold som gjeld dei sjølve. Nærliken gjer også lokale politiske prosessar gjennomsiktige og lettar innbyggjarkontroll. Såleis vert det enklare for

innbyggjarane både å styra og kontrollera kommunane, gjennom og mellom kommune- og fylkestingsval.

Vidare er kommunen som demokratisk arena spesiell ved at han har innbyggjarane tettare inn på seg enn det statlege politiske og administrative organ. Kommunen er avhengig av å «levera» på tunge velferdsområde. Nærleik mellom innbyggjarane og dei politiske prosessane fører elles til spreiing av makt ved at mynde til å ta politiske avgjerder vert desentralisert frå sentrale, nasjonale organ til lokale.

Det handlingsrommet som kommunane har og den nærliken det er mellom kommunane og innbyggjarane, gjer kommunane til sentrale aktørar i forhold til politiske avgjerder med direkte verknad for den einskilde. Kommunane skil seg frå statlege etatar ved at dei i større grad har eit ansvar for lokalsamfunna som *heilskap*. Ein av dei viktigaste funksjonane til kommunane er å sjå omsynet til den einskilde innbyggjaren i samanheng med omsynet til heilskapen. Dette utgjer eit komparativt fortrinn for kommunesektoren i høve til det statlege apparatet.

Ein kan også sjå på kommunestrukturen som ein måte å løysa fordelingskonflikter på, på eit lågast mogeleg nivå i samfunnet. Dersom ein anerkjenner at det er interesseomsetnader eksempelvis mellom sentrum- periferi, mellom regionar sine ulike behov, mellom unge og eldre sine behov, så vil ein trenge legitime system som fordeler ressurser tilpassa lokale behov. System som gjer heilskaplege vurderingar. Dersom kommunar eller regionar blir store einingar kan ein sjå for seg at interessefellesskapet innad vert mindre og prioriteringskonfliktene større. Det er kanskje vanskeleg å sjå dette perspektivet i Norge som i vår tid er eit svært rikt land, men dersom ressursane vert meir avgrensa vil fordelinga bli meir krevande og interesseomsetnader verta tydlegare.

Generalistkommunen

Ein verdifull eigenskap ved dei norske kommunane og dei regionale folkevalde organa er det breie spekteret av oppgåver og funksjonar. Dette gjer det mogleg å sjå samanhengar, prioritera og samordna på betre vis enn om oppgåvefeltet hadde vore snevrare og ansvaret for fellesoppgåvene splitta opp. Gjennom eigne prioriteringar skal kommunane finna lokalt tilpassa løysningar for eit breitt spekter av oppgåver. Generalistkommuneprinsippet gjer også at alle sektorar i kommunane må vegast i forhold til kvarande, ein må prioritere innan økonomiske rammer. Dette balanserer ulike sektorinteresser, reduserer framveksten av særinteresser, og bidreg til økonomisk kontroll. Vi har i nyare tid sett motsatsen til dette i statleg styring der fag- og sektorinteresser er i ferd med å overstyre heilskapsinteresser. Eksempelvis spesialisthelsetenesta.

I regjeringa sitt arbeid med kommunereforma er det halde fram at ein ønskjer at kommunane framleis skal vera generalistkommunar (vs. spesialistkommunar, samkommunar, A-B kommunar med ulik oppgåveportefølgje). Det er trekt fram som ei uro at små kommunar kan ha vanskar med å løyse den store oppgåveportefølgjen som generalistkommunen inneber, og ha nok fagfolk og spisskompetanse til dette. Interkommunalt samarbeid har vore noko av svaret på oppgåveløysinga. Spesielt ser ein dette på avgrensa fagområde, og lite i dei store velferdstenestene Jfr NIVI analyse.

Rammefinansiering

Rammetilskot og skatteinntekter utgjer til saman dei frie inntektene som kommunesektoren har til rådvelde. Dette er inntekter kommunane og fylkeskommunane kan bruka fritt, utan andre føringar enn gjeldande lover og regelverk. Kommunesektoren i hovudsak finansiert

gjennom frie inntekter. Slik kan ein sikra kommunar og fylkeskommunar størst mogeleg grad av fridom til å tilpassa tenesteytinga til innbyggjarane sine behov.

Rammefinansiering gjev handlefridom ved at det vert overlate til kommunane å bruka ressursane der dei lokale behova er størst. Kommunane og fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar for eigen ressursbruk, og må tilpassa aktivitetene til inntektene. Sidan kommunane i eit rammefinansieringssystem sjølv får rekninga for vala dei gjer, gjev lokal prioritering insentiv til kostnadseffektiv drift. Det medverkar òg til betre budsjettdisiplin. I tillegg vert presset frå kommunane mot dei statlege budsjetttrammene dempa. Staten må på si side må sikra samsvar mellom oppgåver og økonomiske rammer.

Utjamning av inntekter mellom kommunane

Eit viktig mål for utviklinga av velferdssamfunnet er at velferdstenestene skal nå alle, og at det ikkje skal vera for stor variasjon i standarden på velferdstenestene utover i landet. Dei frie inntektene vert delvis utjamna og omfordelte i finansieringssystemet for kommunane. Det er i utgangspunktet store skilnader i inntektsgrunnlaget til kommunane. Utan utjamning av inntektene mellom kommunane ville skilnaden i skatteinntekter i stor grad ha ført til store forskjellar i det kommunale tenestetilbodet.

Utforminga av utjamningspolitikken er svært viktig for økonomien til kommunane.

Vi ser i kostnadsnøklane i det nye inntektssystemet til kommunane for 2017 at det er noko meir vektlegging av folketal og noko mindre på befolkningssamsetning i kommunane. Dette er reine faglege vurderingar. Men det vil kunna påverka dei små kommunane hardast, dei som har ei befolkningssamsetning som avvik frå landsgjennomsnittet eks. ein eldre befolkning, og kommunar som har folketalsvekst under landsgjennomsnittet. I små kommunar ser vi også at ein er sårbar økonomisk for endringar i enkeltbrukarar sitt omsorgsbehov eks. ressurskrevande brukarar, tung psykiatri, barnevern, noko som kan medføre millionkostnadar. Difor er det viktig å ha fokus på kostnadsnøklande for befolkningssamsetningen også.

Avsnittet viser kort kva som kjenneteiknar samspelet mellom staten og kommunane, korleis fortrinnet med lokal demokratisk styring samordnar sektorinteresser, og også korleis intensjonar møter økonomiske realitetar der ein må prioritere mellom oppgåver og utvikle lokalt handlingsrom. Det neste avsnittet viser korleis ein vurderer lokale styringsutfordingar både i eigen kommune og i ein mogeleg større kommune.

Fordelar og ulemper med «Ny kommune på ytre Nordmøre (6K)» vs «Tingvoll som eigen kommune»

Kommunestyret vedtok to val for Tingvoll kommune i reformarbeidet. Tingvoll som eigen kommune eller kommunesamanslåing med seks kommunar på ytre Nordmøre.

Presentasjonen nedanfor viser eit samansett bilde, med både fordeler og ulemper med ein større kommune, og å halda fram som eigen kommune. Vi har sett opp dette i forhold til regjeringa sine mål for reforma. Utgangspunktet for vurderingane er Telemarksforskning sine analyser og eigne SWOT vurderingar gjort av leiarane i Tingvoll. I tillegg er kvar sektor i kommunen bedne om å gjera sektorvise vurderingar knytta til å vera eigen kommune, eller ein del av ein større kommune. Leiarane sine vurderingar er referert under tabellen, slik dei er lagt fram for rådmannen.

NY KOMMUNE PÅ YTRE NORDMØRE (6K)	TINGVOLL SOM EGEN KOMMUNE
<p>GODE OG LIKEVERDIGE TJENESTER</p> <p>FOR:</p> <p>Større fagmiljø, økt kompetanse, lettere å rekruttere i administrative og spesialiserte funksjoner.</p> <p>Kan avvikle interkommunalt samarbeid.</p> <p>Større bredde i tilbud; større valgfrihet (eks. private barnehager, privat helsehjelp).</p> <p>Kan standardisere tjenester.</p> <p>Større rom for å tenke nytt.</p> <p>Mer strategisk kapasitet i en stor organisasjon.</p> <p>MOT:</p> <p>Fare for opplevd dårligere tjenestetilbud.</p> <p>Risiko for at mindre distriktsenheter legges ned.</p> <p>Større avstander.</p> <p>Vanskeligere å få oversikt over tjenestetilbuddet.</p> <p>Sentralisering av strategisk ledelse i kommunen.</p>	<p>GODE OG LIKEVERDIGE TJENESTER</p> <p>FOR:</p> <p>Godt og variert tjenestetilbud.</p> <p>Korte linjer fra innbygger til tjenesteyter – oversikt.</p> <p>Tingvoll har tjenester som ikke er lovpålagt (asylmottak, skolehage, MOT, partnerskapsavtaler med videregående skole).</p> <p>Desentraliserte tjenester.</p> <p>Flere gode interkommunale ordninger (f.eks. legevakt, barnevern).</p> <p>Kommunen har oversikt og god gjennomføringsevne.</p> <p>MOT:</p> <p>Avhengig av interkommunalt samarbeid.</p> <p>Rekrutteringsutfordringer til de minste fagmiljøene.</p>
<p>HELHETLIG OG SAMORDNET SAMFUNNSUTVIKLING</p> <p>FOR:</p> <p>Attraktiv kystkommune med sterkt sentrum.</p> <p>Større påvirkningskraft regionalt og nasjonalt.</p> <p>Sterkere fagmiljø, rekrutteringsmuligheter.</p> <p>Variert og bredt sammensatt næringsliv.</p> <p>Mulig å prioritere større oppgaver i samfunnsutvikling.</p> <p>Trekke veksler på hverandres styrke/kompetansemiljø.</p> <p>Ny kommune som økokommune.</p> <p>MOT:</p> <p>Uforskende å bygge felles identitet.</p> <p>Store avstander innad i ny kommune krever forbedret infrastruktur.</p> <p>Avstander gir dårligere kunnskap om «hele kommunen».</p> <p>Prioriteringsdiskusjonen kan bli utforskende – sterkere interessemotsetninger.</p>	<p>HELHETLIG OG SAMORDNET SAMFUNNSUTVIKLING</p> <p>FOR:</p> <p>Sterke primærnæringer.</p> <p>Sterke bedrifter i nisjer (forskning, teknologi, oppdrett, landbruk).</p> <p>Økokommunen er en merkevare.</p> <p>Bredt kulturtilbud.</p> <p>Korte avstander innad i kommunen.</p> <p>Påvirkning på lokalsamfunnsutvikling og partnerskap mellom kommunen, næringsforening, lokale institusjoner og organisasjoner.</p> <p>Kunnskap om lokale forhold.</p> <p>Deltar i store regionale og nasjonale utviklingsprosjekt.</p> <p>MOT:</p> <p>Sårbar for strukturendringer i bedrifter lokalisert i Tingvoll.</p> <p>Fortsatt utfordringer innen samferdsel – integrasjon i større bo- og arbeidsmarkeder.</p> <p>Sårbare fagmiljø i kommunen med spisskompetanse «En av hver».</p> <p>Har svak næringsutvikling og lav arbeidsplassdekning.</p> <p>Liten økonomisk mulighet til å opparbeide ferdige næringsareal.</p>
<p>BÆREKRAFTIGE/ØKONOMISK ROBUSTE KOMMUNER</p> <p>FOR:</p> <p>Prioritert opp i nytt inntektssystem.</p> <p>Mulighet for å effektivisere i administrasjon - stordriftsfordeler.</p> <p>Regional arbeidsdeling i administrasjonen bidrar til balanse i kompetanse og sysselsetting i den nye kommunen.</p> <p>MOT:</p> <p>Dagens kommuner står ulikt økonomisk (gjeld, avgiftsnivå, eiendomsskatt m.m.).</p> <p>Avstander gjør det utforskende å effektivisere.</p> <p>Reduserte rammebetingelser i framtiden (15 år).</p> <p>Økt krav til effektivisering.</p>	<p>BÆREKRAFTIGE/ØKONOMISK ROBUSTE KOMMUNER</p> <p>FOR:</p> <p>Har gjort viktige investeringer (skole, barnehage, sykehjem, kirke).</p> <p>God økonomisk oversikt.</p> <p>Strategisk sterkt og aktiv lokalt og regionalt.</p> <p>MOT:</p> <p>Fremtidig befolkningsutvikling og befolkningssammensetning kan påvirke kommuneøkonomien negativt.</p> <p>Høy gjeld – sårbar for renteendringer. En kommuneøkonomi med stramme rammer.</p> <p>Innretningen på fremtidig inntektssystem (befolkningsvekst) øker krav til prioritering, effektivisering eller økte lokale</p>

	inntekter.
<p>LOKALDEMOKRATI</p> <p>FOR:</p> <p>Innlemme interkommunale selskap i egen organisasjon - større direkte politisk styring der det i dag er IKS. Større påvirkningskraft regionalt/nasjonal. Større adm. fagmiljø for å legge til rette for politiske saker. Flere heltidspolitikere - mer tid til forberedelse/større innsikt. Flere partier i kommunestyret.</p> <p>MOT:</p> <p>Valgdeltakelsen kan bli lavere. Rekruttering – terskelen for å gå inn i politikken kan bli høyere. Dårligere lokalkunnskap. Dårligere geografisk spredning. Flere bygdelister kan oppstå.</p>	<p>LOKALDEMOKRATI</p> <p>FOR:</p> <p>God lokalkunnskap/kjenner behovene. God representasjon og god geografisk spredning. Ordfører talsperson for egen kommune. Tillit til demokratiet – nærhet mellom innbyggere og folkevalgte. God valgdeltakelse.</p> <p>MOT:</p> <p>Egeninteresser kan være en utfordring. Habilitetsutfordringer oppstår.</p>

Sektorvise kommentarar frå virksomhetsleiarar i Tingvoll kommune:

Frå helse- og omsorg

«*I følge intensjonsavtalen 6K skal tjenester som innbyggere bruker ofte, opprettholdes med god kvalitet nær brukerne i hele den nye kommunen. Dette gjelder blant annet omsorgsboliger, legekontor, helsestasjon, sykehjem og hjemmetjeneste. Med bakgrunn i dette ser en for seg at Tingvoll sine innbyggere ikke vil merke større endringer ved helse- og omsorgstilbuddet ved en kommunenesammenslåing.*

Det er viktig å være bevisst på at 6K er en intensjonsavtale og at en ikke har rene garantier for at budsjettprosesser i framtiden vil være utslagsgivende i forhold til sammenslåing av tjenester eller i verste fall nedlegging for å spare penger.

Et positivt element ved en eventuell sammenslåing av flere kommuner på Nordmøre er at det vil kunne gi et større mangfold i tjenestetilbuddet til innbyggerne våre og et sterkere kompetansemiljø. Et sterkere kompetansemiljø og mer spesialiserte tjenester vil kunne sikre flere kompetansearbeidsplasser som alle deler av en storkommune vil ha glede og nytte av. I dag har små kommuner et lite og sårbart fagmiljø hvor vi er avhengige av enkeltpersoner.

En ny og større kommune kan også innen helse gi mulighet for en mer effektiv drift, først og fremst på felles administrasjon. Men, nærledelse i tjenestene i de forskjellige delene av storkommunen er viktig for å opprettholde en god lokal tjeneste samtidig som innbyggerne i storkommunen må oppleve å få like tjenester. Dette er mulig å få til.

En storkommune vil kunne gi de ansatte i tjenesten mindre forutsigbarhet i forhold til arbeidssted, da de vil være ansatt i storkommunen. Eventuell sammenslåing av like tjenestetilbud kan bli en realitet og yrkesgrupper vil da samles, noe som kan føre til lengre kjørevei både for ansatte og pårørende i framtiden.»

Frå oppvekst

«I følge intensjonsavtalen skal innbyggerne få tjenester med god kvalitet, og oppleve nærbetet til tjenester som de bruker jevnlig, for oppvekstsektoren gjelder dette opprettholdelse av skolene og barnehagene i bygda. For barn og unge er det viktig at vi har gode kulturtjenester. Ser en på nærbetet til brukere vil det ikke bli nevneverdige forskjeller innenfor oppvekst.

Det vi ser som et positivt element ved sammenslåing av kommuner er at en får et styrket kompetansemiljø på flere nivå. En kan gjennom en sammenslåing få mer spesialisering av tjenestene. Den nye kommunen får et større fagmiljø både administrativt og i den enkelte skole og barnehage. Dette kan gi mindre sårbarhet til tjenester, bedre rekruttering og mer og bredere kompetanse, slik sett får vi bedre grunnlag for en god tjenesteproduksjon. Et sentralt mål for den nye kommunen er høy kompetanse og gode fagmiljø innenfor hvert tjenesteområde.

Samtidig vil det være viktig å bygge på lokalsamfunnets fortrinn og kompetanse slik som skolenes særegenheter som «Kortreist gjestebud» «skolehageprosjektet» og Uteskoleprosjektet» da dette er viktige elementer i elevens læring, samtidig som det binder skolene sammen med folkehelse og økokommunen Tingvoll.»

Frå Næring – plan og teknisk – oppsummert innspel

I Næring- plan og teknisk ser ein særleg utfordringa med små sårbar fagmiljø, der ein kun har «ein av kvar» med spesialisert kompetanse (plan, byggensak, oppmåling, VAR). Det kan vera stor arbeidsbelastning, komplekse saker generelt og utfordringar dersom folk vert sjukemelde eller sluttar. Da er det få andre som kan løysa oppgåvene i eigen organisasjon. Fordelen med å jobbe i ein mindre kommune er at ein får mange typar arbeidsoppgåver, og mulighet for tett tverrfagleg samarbeid.

I både 6K alternativet og i byregionprogrammet arbeidar kommunar på ytre Nordmøre saman for å samla større fagmiljø gjennom regional arbeidsdeling. Det betyr at vi vil kunna få ein meir spesialisert administrasjon fram i tid, der avdelinga betjener store delar av regionen. Satsinga i eige planverk på «Grønne fag til Tingvoll» er ein del av denne strategien. Det vil kunne redusere sårbarhet.

Frå Kultur- og folkehelse

Denne avdelinga er den som har færrast lovpålagte oppgåver, sjølv om ein har lovpålagt kulturskole og bibliotek. Desse tenestene kan vera sårbar i forhold til økonomiske prioriteringar både i eigen kommune og i 6K alternativet. Kultur- og folkehelse er ein del av det store retningsvalget i Helse- og omsorg, og ein del av partnerskapstenkinga for samspill mellom kommune og sivilsamfunn som utviklingsstrategi i Tingvoll. Kultur- og folkehelse er svært viktig for å skapa mangfold i samfunnet og slik byggja attraktivitet.

Om kommuneøkonomi

11. mai 2016 la regjeringen fram kommuneproposisjonen med forslag til nytt inntektssystem for kommunene.

Inntektssystemet til kommunene består hovedsakelig av 4 elementer:

- Innbyggertilskuddet (inkl basistilskuddet)
- Utgiftsutjevning
- Regionalpolitiske tilskudd

- Skatteelementer

Om basistilskuddet

Innbyggertilskuddet er i utgangspunktet et kronebeløp pr innbygger. I dette ligger det et basistilskudd på ca 13,2 mill kroner som alle kommuner får uavhengig av størrelse. Høringsnotatet viser til at Basistilskuddet i fremtiden kan justeres og kan variere mellom 0-13,2 mill kroner. Fordelingen tar utgangspunkt i «reiselengde», dvs Strukturkriteriet i forslaget. Strukturkriteriet (grenseverdi 25,4 km til tettsted med 5.000 innbyggere). 21.april inngikk Høyre, Venstre og Fremskrittspartiet en avtale om det nye inntektssystemet. Avtalen var i tråd med den retningen som ble skissert i høringsnotatet. Med utgangspunkt i folketall pr 1/1-2015, tilsa avtalen at Tingvoll kommune ville få vel 1,2 mill mer enn dagens ordning. Basistilskuddet som skal få konsekvenser for «frivillige små-kommuner», vil ikke bli redusert for Tingvoll kommune.

Tallene i kommuneproposisjonen tilsier en vekst av frie inntekter for Tingvoll kommune på 1.258,- pr innbygger . De enkelte elementene som fører til denne endringen pr innbygger, er som følger:

Fordelingsvirkning ny kostnadsnøkkel (utgiftsutjevningen)	475,-
Fordelingsvirkning av gradert basistilskudd	148,-
Fordelingsvirkning av regionalpolitiske tilskudd	15,-
Inntektsgarantiordningen	668,-

Dette vil kunne gi Tingvoll kommune en økning av de frie inntektene på ca 3,9 mill kroner i 2017.

Beregninger fra departementet og KS varierer noe. Utgangspunktet i det er telletidspunktet for kriteriedata. KS sine beregninger, som er basert på de siste innbyggertallene, viser en økt inntekt på 2,7 mill kroner. Hva økningen vil bli, vil vi måtte vente på til statsbudsjettet for 2017 blir lagt frem senere i høst.

Det er ikke beregnet konsekvenser av eventuelt ny 6K-kommune etter at Kommuneproposisjonen ble lagt frem.

Konsekvenser av nytt inntektssystem og reformstøtte for 6K

Konsekvensene for eventuelt 6K-samarbeid, er beregnet ut regjeringens høring på inntektssystemet, og økonomiske virkemidler i kommunereformen.

I beregningsmodellen ligger det et basistilskudd på 13,2 mill kroner pr. kommune. Samlet får de 6 kommunene 77 mill kroner. Den nye kommunen vil gjennom inndelingstilskuddet få beholde det samlede basistilskuddet i 15 år, med nedtrapping de neste 5 årene. Men etter 20 år vil basistilskuddet bli nede på 12,8 mill igjen.

Ser vi på småkommunetilskuddet, så er det Gjemnes og Halsa som får dette i dag, sammen med Tingvoll. Dette utgjør samlet kr 16,4 mill kroner. Ved sammenslåingen med 6K, vil dette tilskuddet falle bort. Aure er den eneste kommunen som får Distriktstilskudd Sør-Norge. Dette utgjør 5,8 mill kroner. Beregninger ved 6K-alternativet, tilsier at den nye kommunen vil motta 18,3 mill.

Samlet sett vil 6K-alternativet tape vel 68,1 mill kroner ved sammenslåingen. Dette vil bli kompensert fullt ut gjennom inndelingstilskuddet i 15 år, og nedtrappes til 0, de siste 5 årene. Utenom dette, vil den nye kommunen motta ca 6 mill mer i utgiftsutjevning. Denne kompensasjonen vil i ikke justeres etter 15/20 år

Ved sammenslåing av 6 kommuner, vil den nye kommunen få en engangskompensasjon på 55 mill kroner. I tillegg vil det bli gitt en reformstøtte på 25 mill. Totalt 80 mill kroner.

Om Tingvoll

Tingvoll kommune har lånegjeld på 327,6 mill kroner. Av dette er ca 90 mill knyttet til områder kommunen mottar rentekompensasjon for, eller at det dekkes av selvkostområdene. Selv om vi tar hensyn til dette, er gjelden som skal dekkes av egne inntekter ca 237 mill kroner. Dette gir kommunen når det gjelder endringer i rentenivået. Hvis renten økes med 1,0 %-poeng, vil utgiftene økes med 2,4 mill kroner årlig. For å redusere denne risikoen, har vi bundet rentenivået for en del av låne-porteføljen. Finansreglementet regulerer at 40 % av lånene skal ha en rentebinding over ett år. Vi bør vurdere mer langsiktig rentebinding dersom vi får dette på et lavt nivå i tråd med inneværende økonomiplan

Kommunestyret har vedtatt at netto driftsresultat skal være minimum 2,0 %. Tingvoll kommune har ikke vært over 2,0 % av samlede inntektene siden 2009. Det er viktig at vi kommunen kan opparbeide seg reserve i budsjett og regnskap, for å kunne takle endringer vi vet kommer i løpet av et år, samt ha en reserve for å takle omlegginga av inntekts-/utgiftsnivået over tid.

Tingvoll kommune er en liten kommune. Dette gjør at vi har en oversiktlig organisasjon der vi kan ha oversikt over det meste av organisasjonen. Styringslinjen fra den enkelte ansatte opp til kommeledelsen er korte. Dette resulterer i at det er større muligheter for å ha økonomisk oppfølging og kontroll, og at nødvendige økonomiske grep kan tas raskt.


Med utgangspunkt i KOSTRA-tallen for 2014, ble det gjennomført en analyse av administrasjonskostnadene i den enkelte kommune og i den gang 7K-konstalasjonen. Analysen ble gjennomført av økonomisjefene fra Averøy, Kristiansund og Smøla. Resultatet herfra tilsier at Tingvoll kommune kunne redusere administrasjonskostnadene med ca 7,9 mill kroner, hvis vi bruker like lite som snittet av de 6 kommunene med lavest administrasjonskostnader. Tingvoll kommune har, etter en gjennomgang, redusert administrasjonskostnadene med ca 5 mill kroner (rett KOSTRA føring, og omstilling) slik at potensialet nå er ca 2,9 mill kroner. Samlet for 6K-samarbeidet ville effektiviseringspotensialet være opp mot 40 mill kroner for administrasjon. Ved en slik analyse, så vil effektiviseringspotensialet være mer realistisk for storkommunen.

Om interkommunale selskap – kategoriar, påverknad drift

I 2013 vart det gjennomført ei kartlegging av omfanget av interkommunale samarbeid i Møre og Romsdal. Rapporten er laga på oppdrag av Fylkesmannen i Møre og Romsdal og er utarbeida av NIVI analyse. Rapporten er lagt fram for formannskapet i Tingvoll våren 2014. Rapporten viser at Tingvoll deltek i 35 interkommunale samarbeid.

	Høgare nivå	Regionalt nivå	Lokalt nivå	Sum
Tingvoll	13	11	11	35

Kva type samarbeid er det kommunane har interkommunalt:



Figur 2.3 Grov sektorfordeling av registrerte samarbeidsordninger i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. 2013. Prosent. Kilde: NIVI

Vedlagt saka følgjer oversikt over dei interkommunale samarbeida som Tingvoll har pr juni 2013 (NIVI)

Selskapsforma påverkar både styringsstrukturen i selskapa og måten dei er finansierte på. Det er relativt få interkommunale samarbeid som har direkte effekt på kommunens driftsbudsjett, men ein del har dette eksempelvis i vertskommunesamarbeida og IKT Orkide.

Det vesentlegaste argumentet som har vore knytta til interkommunalt samarbeid i samband med regionreforma er knytta til demokratisk styring, og om omfanget av det interkommunale samarbeidet gjer at politisk leiing misser oversikt og direkte demokratisk styring av vesentlege samfunnsområde. Oversikten viser at Tingvoll sitt interkommunale samarbeid stort sett er på svært avgrensa oppgåver. Dei største er på teknisk sektor og er stort sett organisert som IKS, med eige styre og representantskap. To andre store samarbeid er barnevernet som er organisert etter vertskommunemodell i KL § 28 og IKT Orkide som er organisert som eit interkommunalt selskap etter KL § 27. I dei store interkommunale samarbeida er kommunen representert med sentrale politikarar eller administrativ leiing.

Ein nasjonal ambisjon for kommunereforma er å etablere kommunar som er så store at ein i liten grad har behov for interkommunale selskap/ interkommunalt samarbeid for å sikra oppgåveløysinga til kommunane. Ved ei større kommunereform i regionen vil det vera

aktuelt å reforhandle avtalar rundt interkommunale selskap, og det i seg sjølv kan skapa ein økonomisk usikkerhet med omsyn til fordelingsnøklar mellom kommunane.

Fordeling av kostnadene for drifta av mange av desse selskapa tek ofte utgangspunktet i at deler av kostnadene vert delt på antall deltagarkommunar og noko vert fordelt etter folketal eller aktivitet for den enkelte kommune. F.eks. er fordelingen for IKT-Orkide basert på ei 30/70-fordeling. 30 % fordeles likt mellom kommunane og 70 % fordeles etter innbyggertal. Hvis antall kommuner som er med i samarbeidet vert redusert som konsekvens av kommunereformen, vil utgiftene for den enkelte kommune auka. Kor mykje, er uråd å seie da vi ikkje veit omfanget av reforma lokalt.

Resultat av rådgjevande folkerøysting 25.4.2016

25.04. 2016 vart det halde lokal rådgjevande folkerøysting knytta til kommunereforma. Det var to alternativ å røysta på, i tillegg var det høve til å stemma blankt. Alternativa var Tingvoll som eigen kommune, og Tingvoll, Kristiansund, Gjemnes, Averøy, Halsa og Aure (6K). Kommunestyret godkjente den lokale folkerøystinga i sitt møte den 28.04.16.

Valdeltakinga var på 46,6 %, og 70,7 % røysta for Tingvoll som eigen kommune.

Resultatet vart slik:

	Totalt	Straumsnes	Tingvollvågen	Meisingset
Antall stemmeberettigede	2 525	939	1 254	332
Kryss i manntallet:	1 171	433	581	157
Valgdeltakelse:	46,4	46,1	46,3	47,3
Totalt antall godkjente stemmesedler inkl. blanke:	1176			
Valgdeltakelse i prosent:	46,6			

Opptellingsresultat	Valgting	Forhånd	Totalt:	Andel i %
Egen kommune	727	105	832	70,7
6K	245	42	287	24,4
Blanke	47	10	57	4,8
Sum	1019		1176	100,0

Det vart i perioden 10 -20 april 2016 også gjennomført ei innbyggjarundersøking. Valstyret hadde vedtatt spørsmåla i undersøkinga og Opinion gjennomførte denne gjennom telefonintervju med 433 innbyggjarar i eit representativt utval. Innbyggjarhøyringa vart offentleggjort den 25.04 etter at folkerøystinga var avslutta.

Rapport vart lagt fram for kommunestyret den 28.04.16. Oppsummeringa i undersøkinga er gjort slik av Opinion AS. **Denne undersøkinga viser same tendens som folkerøystinga,**

men har eit meir variert bilet av innbyggjarane si meining, der 36 % ønskjer at Tingvoll skal bestå som eigen kommune.

Hovedfunn

- Vurdering av kommunesammenslåingsalternativ
- Holdning til en sammenslåing mellom Tingvoll, Kristiansund, Aure, Averøy, Gjemnes og Halsa

- Kommunens innbyggere gir ikke noe tydelig signal om i hvilken retning Tingvoll kommune bør gå. Mens 36 % mener det er best at Tingvoll består som egen kommune, er det 25 % som peker på Sunndal, mens 32 % peker på ny kommune i henhold til intensjonsavtale.
- Det er signifikant flere som er negative (53 %) enn positive (44 %) til en sammenslåing mellom Tingvoll og kommunene Kristiansund, Aure, Averøy, Gjemnes og Halsa.



- Spørsmålet om deling, antall kommuner med i sluttforhandlingene, viktigste mål for en større kommune, viktigheten av lokalisering av tjenester

- 74 % er enig med kommunestyret om at Tingvoll kommune ikke bør deles ved en eventuell kommunesammenslåing. 24 % er uenig med kommunestyret i dette spørsmålet.
- Av de som er uenig med kommunestyret – som også ser for seg en deling av kommunen ved en eventuell kommunesammenslåing. De sender ikke noe tydelig signal om hvordan kommunen bør deles. 42 % ønsker å dele av ytre del av kommunen mot Kristiansund. 41 % ønsker å dele av kommunen mot Sunndal.
- Signifikant flere mener det må være minst tre omlandskommuner med i sluttforhandlingene enn at det er tilstrekkelig med to, inkludert Tingvoll, eller at det er tilstrekkelig med bare Tingvoll.
- Økt kvalitet på de kommunale tjenestene kommer på topp i spørsmålet om hvilke mål for en fremtidig kommune man mener er viktigst (blant de som leser).
- Viktig at de aller fleste tjenestene blir lokalisert som i dag. Lokalisering av kulturtjenester og NAV-funksjon synes noe mindre viktig.

INNSIKT SOM BRINGER DEG VIDERE

6



Lokal rådgjevande folkerøysting er heimla i Kommuneloven § 39b. Ein har ikkje bindande folkerøystingar og kommunestyret må gjera ei sjølvstendig vurdering i saka om kommunereform. Kommunestyret i Tingvoll er valde av folket med ca 70 % valoppslutnad i 2015. Kommunestyret bør vurdere om oppslutnaden i folkerøystinga skal ha noko å seie for vurderinga av den.

Status for kommunereforma i våre nabokommunar på Nordmøre pr 20.05.16:

Oversikt pr 20.05.16

Kommuner	«Valgvinner»	Kommentar:
Kristiansund	6K	79%
Averøy	0 – alternativet	61,5 %
Gjemnes	Relativtjevn score for alle tre alternativer, inkl. 0-alt.	Har inngått nye intensjonsavtaler med Molde og Kristiansund
Tingvoll	0 - alternativet	70,7 %
Sunndal	0 –alternativet	77,4 %
Surnadal	Surnadal, Rindal og Halsa	61,3 %
Halsa	Hemne ,Aure, Snillfjord og Halsa	44,5 % (av 4 alternativer) + innb.h.
Aure	0 - alternativet	76,4 %
Eide	Averøy, Eide og Fræna	34,85 % (0-alt = 31,63 %)
Hemne	Aure , Halsa , Snillfjord og Hemne	84,9 %

Kommunestyret vedtok i sak 1/2016

(..)

«2. Tingvoll som en del av en kommune på ytre Nordmøre med kommunene Tingvoll, Gjemnes, Averøy, Kristiansund, Halsa, Aure og Smøla. For å skape balanse mellom by og omland tilrår kommunestyret at Kristiansund og minst tre omlandskommuner, inkludert Tingvoll, deltar i sluttforhandlinger.» (..)

Med dette som utgangspunkt er det ikkje grunnlag for kommunestyret i Tingvoll sin føresetnad om at minst 3 omlandskommunar, inkludert Tingvoll, går saman med Kristiansund. Kommunestyret står sjølv sagt fritt til å vurdere om denne føresetnaden skal bli ståande når ein tek endeleg avgjerd i saka. Kommunestyra i andre nordmørskommunar (unntatt Smøla) har ikkje endeleg handsama sine saker om kommunereform enda. Så her kan det vera noko ope kva kommunestyra endeleg avgjer i løpet av juni.

Rådmannens sluttvurderingar:

Rådmannen meiner at Tingvoll kommune er ein velfungerande kommune i dag, og har gode kvaliteter både som samfunn og som organisasjon, sjølv med ein stram kommuneøkonomi. Vil Tingvoll kommune ha kapasitet, kompetanse og økonomi til å kunne vera like velfungerande dei neste 20 -40 åra, omstille seg når det er nødvendig, og samarbeide i regionen for gode tenester, og eit sterkt og attraktivt Nordmøre ?

Dette kan ein ikkje seia sikkert, fordi ein ikkje kjenner statens ambisjon for kommunesektoren framover i 40 år og kjenner ikkje dei framtidige økonomiske rammevilkåra. Unntaket er for kommunar som slår seg saman, som kjenner delar av sine økonomiske rammevilkår dei neste 15 åra i råd med inndelingslova. Vi kan ikkje utelukke at det kjem fleire « bølgjer» med kommunereform.

Men vi kan seie noko om korleis Tingvoll arbeider og omstiller for å møta utfordringane.

Korleis møter Tingvoll kommune framtida ?

Tingvoll kommune har ny kommuneplan 2014 – 2026. Dette er både samfunnsdel og arealdel. Satsingsområda i kommuneplanen er slik:

Gjennomgående perspektiver: - Økokommunen Tingvoll - - Utviklingsorientert , inkludert samarbeid med frivillig sektor -			
Jobbe for økt folketall og ei jevn kjønnsfordeling i kommunen	Tilby tilstrekkelige og virkningsfulle kommunale tjenester med god kvalitet	Være en foretrukken kommune for ungdom	Være en utvikler og samarbeidspartner for regional integrasjon

Tingvoll kommune har lang tradisjon med å jobba offensivt både med utvikling av kommunens tenester, og med utvikling av lokalsamfunnet. Dette viser m.a. vår deltaking i store nasjonale prosjekt: «Miljøvennlige og attraktive tettsteder», «Grønne energikommuner», «Stifinnerprosjektet», «Småsamfunnsprosjektet» «Innomind – outatown». Prosjekta har tilført kommunen varige resultat i tenester og lokalsamfunn, store økonomiske midlar, kompetanse og nettverk.

Vi jobbar no, og dei siste åra, med endringsarbeid i tenestene eksempelvis :

Gode og likeverdige tenester

- Omorganisering i helse og omsorg med spesialisering og tydeleg brukarfokus.
- Nytt retningsval for helse- og omsorgstenestene – folkehelse, forbygging og rehabilitering
- Styrke økokommunen gjennom konkrete satsingar innan plan, energi, mat, helse.
- Internkommunalt samarbeid i sårbare tenester.
- Regional arbeidsdeling i administrasjonen – under planlegging i byregionprogrammet med 6 kommunar på ytre Nordmøre, og i kommunereforma.
- E-helse: Velferdsteknologi, responssenter og tenesteinnovasjon. Senter for helseinnovasjon og samhandling.
- Interkommunale prosjekt for Nordmøre der vi er vertskommune

Rekruttering :

At oppgåver og økonomiske ressursar er avstemt i forhold til kvarande er ein føresetnad for at kommunane skal kunna yta god kvalitet i sine tenester. Tilgang til fagfolk er også svært viktig. Undersøkingar viser at det ikkje er eintydig samanheng mellom kvalitet i tenester og størrelse på kommunar. (KOSTRA). Mindre kommunar har færre fagfolk i dei minste, spesialiserte tenestene. Men Tingvoll har om lag same dekningsgrad tilsette pr 1000 innbyggjar som dei mellomstore kommunane.

Tingvoll kommune har ein sårbarhet knytta til rekruttering i dei minste, og spesialisterte fagfelta. Dette gjeld særleg i administrasjonen innan økonomi, plan, byggesak og VAR, men også i nokre spesialiserte helsetenester eks. jordmor, helsesøster og barnevern.

Utfordringa er når fagfolk sluttar, og kommunen må rekruttere nye medarbeidarar ganske raskt. Primært rekrutterer vi da nye medarbeidarar, men vi må i dag, og i framtida, også basere oss på samarbeid med nabokommunar enten via planlagt regional arbeidsdeling og tenestesamarbeid for å sikra større fagmiljø for regionen, eller kjøp av tenester i dei konkrete situasjonane som oppstår.

Rekruttering i dei store velferdstenestene:

Ca 70 % av kommunens budsjett er lønnskostnader.

Ca 70 % av Tingvoll kommune sitt budsjett er knytta dei store velferdstenestene : til oppvekstsektoren (skular, barnehagar, barnevern) og helse- og omsorgssektoren. I tillegg kjem tekniske tenester som yter grunnleggjande infrastruktur – vatn, avløp, veg og brann. Dei

har ca 12 % av kommunens budsjett. Vi klarar i all hovudsak rekruttere bra, men har noko vanskar med sjukepleiarar og barnehagelærarar. Det er lite som tyder på at storleiken på kommunen vil ha noko betydning for rekrutteringa til dei store velferdstenestene som må vera nær befolkningen.

Helseministeren sa i sin sjukehustale 2016, at dersom vi løyser helse- og omsorgsoppgåver på same måte i 2040 som i dag, vil vi trenge 44 000 nye årsverk i spesialisthelsetenesta og 110 000 nye årsverk i kommunehelsetenesta. Det betyr at kvar tredje elev i videregående skole må ta helseutdanning. Det betyr at helse- og omsorgstenestene **i heile landet** må arbeida med omstilling når vi får ein aldrande befolkning.

Myndighetsutøvelse

Kommunane har ei sentral rolle når det gjeld myndighetsutøvelse, der kommunane forvaltar nasjonalt lovverk i lokale saker. Sentralt er eksempelvis plan- og bygningsloven, lovene innan helse- og sosiafeltet, opplæringsloven, forvalningsloven og offentleglova. Begrep som ekspertutvalget framhevar som gjeld kommunane sin myndighetsutøvelse er kompetanse, kapasitet og tilstrekkelig distanse. I skildringa av kommunar sitt fortrinn med nærliek mellom styrande og styrte, kan den same nærlieken bli eit problem på området myndighetsutøvelse. Det blir spørsmål om nok fagfolk, spesialisert fagkompetanse og tilstrekkeleg distanse mellom søkerarar, og fagfolk og politikarar.

Tilstrekkeleg distanse i saksbehandlinga er i Telemarksforskning sin rapport ikkje trekt fram som eit stort problem i Tingvoll. Habilitet er trekt fram som ei svak side med små kommunar - at det er stor nærliek og til dels slektskap mellom innbyggjarane og beslutningstakarane. Vi har eksempel på problemstillinga også i Tingvoll. Då er det særskilt viktig at kommunen har fokus på godt styresett med rett lovanvendelse, saklege omsyn, likebehandling og habilitet. God kunnskap om lovverket, korrekt behandling av habilitet, og etiske retningslinjer må følgjast både i administrasjon og politisk leiing for å hindre feil, brot på tillit, og at feile avgjerder vert tatt.

Myndighetsutøvelse er ofte knytta til dei spesialiserte fagfelta. Da må vi sikre god og stabil rekruttering, samarbeide interkommunalt der vi etablerer felles kompetansemiljø, eller kjøpe kompetanse på område som vi sjeldan saksbehandlar. Dette gjer vi i dag, og dette kan det bli meir av. Ein større kommune vil redusere den sårbarheten vi har i våre minste administrative fagmiljø.

Men det er eit relevant spørsmål om eit spesifikt problem skal utløyse ei generell organisasjonsløysing som kommunereforma er.

Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling

Tingvoll er økokommune. I vår 25-årige økokommuneerklæring, sist vedtatt i oktober 2015, står m.a. «*Mobilisere befolkningen til å bruke lokale kunnskaper og naturressurser for å skape en bærekraftig utvikling»*»

Vi må arbeida offensivt for å auka folketalet i kommunen, marknadsføre økokommunen, og nyttja ressursane til folk. Dette påverkar attraktivitet, identitet, kapasitet og økonomiske rammevilkår.

Ein viktig del av Tingvoll kommune sin profil som økokommune og samfunnsutviklar er å etablere lokale partnerskap for å auka lokalt engasjement og få kraft i samfunnsutviklingsarbeidet. Dette kan ha form av:

- Fagleg samarbeid og økonomisk styrking i større utviklingsarbeid/ prosjekt jfr ovanfor.
- At kommunen yter driftstilskot via partnerskapsavtalar for å løysa visse oppgåver. Eksempel på dette er til idrettslaga for drift av idrettsanlegg, til næringsforum for å driva næringsretta arbeid, til vidaregåande skole for marknadsføring.
- Kjøp av tenester for å sikra mangfold i tilbod eks. Inn på tunet, skolehage, ungdomsklubb.
- Driftstilskot/ avtalar for løysing av ikkje-lovpålagte oppgåver eks: Kino i Tingvoll, Kulturvekkå . Delfinansiering av drift av lokale/ regionale kulturinstitusjonar eks. Tingvoll Museum.

Eksempla ovanfor er ikkje tunge velferdstenester, men det representerer grunnleggjande sett eit syn på kva som skapar vekstkraft i eit samfunn, korleis kommunen, lokale institusjonar, næringsliv og sivilsamfunnet saman skapar attraktivitet, aktivitet og engasjement. Slik vert kommunen ein god stad å bu, og også ein attraktiv plass å flytta til. Skal ein lukkast som eigen kommune i framtida må vi sikra vekst i folketetalet.

I arbeidet med klimaarbeidet nasjonalt satsar ein på meir konsentrert busetnad – i byar. Det vil m.a. redusere behovet for transport og slik redusere klimagassutsleppa. Både nasjonalt og i Møre og Romsdal fylkeskommune er det ei tydleg bysatsing gjennom « Byen som regional motor». Eit perspektiv i dette arbeidet er den urbaniseringa som skjer i heile verda, der folk foretrekk å bu i byar, og der byane sin befolkningssamansetning er den som skapar naturleg vekst gjennom fødselsoverskot. Byane er også institusjonelle og økonomiske tyngdepunkt. Byane på Nordvestlandet må konkurrere med andre byar nasjonalt og internasjonalt om næringsetableringar, næringsklynger, offentlege arbeidsplasser, forsking og tilflytting. R. Floridas bok «The Rise of the Creative Class» trekkjer fram kva som gjer at ein stad har vekstpotensiale: Toleranse, talent og teknologi. Sentralisering og urbanisering er sterke krefter i samfunnsutviklinga. Skal ein vekse i folketal og styrka framtidig næringsutvikling utanfor byane er det viktig å lære av dette, og ha samarbeid med byar i større bu- og arbeidsmarknader og delta i nettverk både nasjonalt og internasjonalt.

Men vi bør også trekka inn andre perspektiv. I eit framtidig klima- og miljøperspektiv ser vi også andre trender eks fra California. At store byar ikkje har nok sosial og miljømessig bærekraft over tid. At urbaniseringa medfører nye problem eks forureining, tilgang til rent vatn, bustadar. Ein trend er at folk må bu nærmare naturressursane som vi alltid vil ha behov for, og som kan gje kjelder til ny næringsverksemd – jord, skog, vatn, vind, sol, hav. Ein bør koble naturressursane tett til eksisterande og nytt næringsliv og FoU. Og skal ein i framtida ha tilgang til desse naturressursane er det viktig at folk bur der dei er, at kompetanse finns, og at vi har utbygd infrastruktur som skapar tilgang. Etter finanskrisa i 2008 såg ein også tendensar i Sør Europa om tilbakeflytting til bygdene, der folk tok opp igjen lokal produksjon av mat. Slik kunne ein skaffa seg arbeid og inntekt, og også styrka landa sin materielle produksjon.

Nedanfor har vi referanse til den ein månad gamle «The Basque Declaration» der eit av punkta er: « 10. Strengthen our local economies and local employment opportunities.”



8TH EUROPEAN CONFERENCE ON
SUSTAINABLE CITIES & TOWNS

BASQUE COUNTRY | BILBAO | 27 - 29 APRIL 2016

www.sustainablecities.eu

The Basque Declaration

New Pathways for European Cities & Towns

Slik sett bør vi som premiss for framtidig utvikling kanskje snakke meir om **fleire** strategier for utvikling, om dynamikken mellom byar og omland, der ein kan byggja på fortrinna til dei ulike typane av samfunn og som sum av dette skapa attraktivitet og styrka både folketal og eit variert og nyskapande næringsliv.

Kommunale arbeidsplasser er i stor grad kompetanearbeidsplasser. Ca 50 % av kommunane sine årsverk har høgskole- eller universitetsutdanning. Det er typar kompetanseintensive arbeidsplassar som elles ofte er i underskot utanfor byane. Kommunale arbeidsplassar løyser store velferdsoppgåver, men er også med å skape balanse i arbeidsmarknaden med typar jobbar, profesjoner og samla kjønnsbalanse. Flytting av kompetanearbeidsplassar via nasjonale reformer inkl. kommunereforma svekkar berørte samfunn. Ein flyttar fagkompetanse og strategisk leiarskap. Det kan i neste omgang påverke makt- og ressursfordeling. I intensjonsavtalen med 6K alternativet er dette tatt opp, og møtt med ein strategi om regional arbeidsdeling der tidlegare kommunesentra skal oppretthalda mengden av kompetanearbeidsplassar, men med meir spesialisert administrasjon.

Regional integrasjon er eit av fire innsatsområde i vår kommuneplan.

Tingvoll kommune hører til bu- og arbeidsmarknadsregionen på Ytre Nordmøre. Averøy og Tingvoll er dei kommunane som er mest integrerte med Kristiansund, men samstundes er Kristiansund den av byane i Møre og Romsdal som er minst integrt med sitt omland. Kommunar på Nordmøre har i fleire tiår jobba aktivt for å styrka integreringa i ein større bu- og arbeidsmarknad, særleg gjennom arbeidet med store samferdselsprosjekt i regionen eks. Krifast (1992), Stor Krifast (2008), Atlanterhavsveien, Imarsund, Atlanterhavstunellen (2009) Fergefri E 39 Halsafjordsambandet 2011 - , Oppdølstranda, oppgradering av RV 70 Tingvoll- Meisingset 2015 - .

Eksempel på andre område vi jobbar med regionalt er: vi er vertskommune for to av regionens store prosjekt på sjøområdeplanlegging og energieffektivisering, vi deltek i byregionprogram med seks kommunar på Ytre Nordmøre og utvikling av senter for helseinnovasjon og samhandling i Kristiansund. I 15 år har kommunane på Nordmøre arbeida saman i IKT Orkide, og er eit av landets fremste fagmiljø på IKT i kommunar. Slik har ein arbeida for å styrka næringsutviklinga på Nordmøre og banda mellom by og omland. Kristiansund er Nordmørsbyen og byen og omlandet er avhengige av kvarande m.o.t. variasjon i næringsliv, sysselsetting, privat tenesteyting, offentlege tenester, varierte kulturtilbod og urbanitet. Orkide Nordmøre regionråd er samarbeidsorganet for kommunane på Nordmøre som initierer dei fleste av desse regionale satsingane. Denne type interkommunalt samarbeid vil halda fram.

Rådmannen vil også peike på utviklingsmuligheten via byregionprogrammet med hovedtema: Felles planstrategi, felles areal- og næringsplanlegging, regional arbeidsdeling i kommunale

tenester og Nordmørsbyen. Her deltek kommunane Kristiansund, Gjemnes, Averøy, Tingvoll, Halsa og Smøla.

Bærekraftige/ økonomisk robuste kommunar

Kommuneøkonomi vert av Telemarksforskning vurdert som det mest sårbarer punktet for Tingvoll kommune. Vi har dei siste 20 år investert mykje i kommunale bygg og ein del i kommunale vegar, noko som gjer at kommunen har høg gjeldsgrad. Vi er sårbarer for auke i renter, og for eit endra inntektssystem for kommunane. Inntektssystemet viser at demografien i Tingvoll gjer at kommunen er ca 18 % dyrare å driva enn gjennomsnittskommunen. Samstundes peikar Telemarksforskning på at kommunens tenester er kostnadseffektive. Det må dei vera ettersom vi har høge finanskostnader som skal dekkast.

KOSTRA tala for Tingvoll viser at vi har noko høgare administrasjonskostnader enn samanliknbare kommunar. Dette har vi påpeika i fleire økonomiplanar og har dei siste 3 åra hatt mål om å redusere administrasjonskostnadane. Vi har i all hovudsak innfridd målkravet i økonomiplanen. Men Tingvoll kommune må kontinuerleg arbeide for effektivisering i administrasjonen og i tenestene, og ha eit svært medvite forhold til om ressursinnsatsen er virkningsfull. Viktige element framover er:

- Vi må lukkast med omstillinga i helse- og omsorg med retningsvalet folkehelse, forbygging og rehabilitering. Dette påverkar kommuneøkonomi og rekruttering.
- Vi må omstille til bruk av ny teknologi i helse og bruke spisskompetanse i helse til rette oppgåver. Dette påverkar kapasitet og rekruttering.
- Vi bør redusere investeringsnivået i kommunen, og snarleg vurdere rentesikring på større del av låna våre over lengre tid for å redusere sårbarhet og auka stabilitet. Dette påverkar økonomisk sårbarhet og handlingsrom.
- Kontinuerleg vurdere effektiviseringstiltak i tenester og administrasjon. Dette påverkar kommuneøkonomi og handlingsrom
- Vurdere auke i kommunens inntekter, som påverkar kommuneøkonomi og handlingsrom.

Det viktigaste tiltaket kommunen kan gjera for å halda kommuneøkonomien i balanse er å ha prioriteringsvilje, god oversikt og handlekraft for å styre dagleg drift i kommunen innan vedtatt budsjett.

Styrka lokaldemokrati

Lokaldemokrati er i Telemarksforsknings rapport ein av Tingvoll sine sterke sider. Det er målt i talet på kommunestyrerepresentantar, talet på politiske parti, valoppslutning, opplevelsen av evt. styringsvanskar med interkommunalt samarbeid, og lokal identitet. Ein må framleis fremja dette politiske mangfaldet og engasjementet.

Vi har også andre styringsdialogar som ikkje er knytta til det representative demokratiet eks. bruken av folkemøter, brukarråd mellom politisk / administrativ leiing og brukarane.

Staten og kommunane er gjensidig avhengig av kvarandre. Samspelet mellom staten og kommunane byggjer på eit finmaska system av god oppgåveløysing og tillit som pregar vårt styresett. Til slutt er det folkevalde i Stortinget som bestemmer korleis kommunestrukturen i Norge skal vera. Noko av det viktigaste staten må sikra i samspelet

mellom stat og kommune er at kommunane har økonomiske rammer som svarar til dei store oppgåvene som kommunane har, og då særleg innan velferdsområda og grunnleggjande infrastruktur. Og dersom staten vil overføra enda fleire oppgåver til kommunane må desse vera fullfinansierte.

Økokommunevurdering:

Dersom innstillingen vedtas, vil denne saken ha

positiv	<input type="checkbox"/>
nøytral	<input checked="" type="checkbox"/>
negativ	<input type="checkbox"/>

Evt. merknader:

effekt på kommunens arbeid som økokommune.

Rådmannens innstilling

Kommunestyret i Tingvoll meiner at vi har gjennomført Stortinget sitt krav om å utgreia kommunereforma. Det har skjedd gjennom faglege utgreiingar av 15 strukturalternativ på Nordmøre, der Tingvoll er ein del av 5 alternativ, og ein omfattande lokal og regional prosess. Vi har gjennomført fem folkemøter, dialog med ungdom, ungdomsråd og eldreråd, innbyggjarundersøking og lokal rådgjevande folkerøysting.

Kommunestyret i Tingvoll tilrar at Tingvoll kommune skal bestå som eigen kommune.

Vi rår til at Stortinget vedtek dette i si handsaming av kommunereforma.

Behandling i Formannskapet - 07.06.2016

Det ble stemt over innstillingen, som ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret i Tingvoll meiner at vi har gjennomført Stortinget sitt krav om å utgreia kommunereforma. Det har skjedd gjennom faglege utgreiingar av 15 strukturalternativ på Nordmøre, der Tingvoll er ein del av 5 alternativ, og ein omfattande lokal og regional prosess. Vi har gjennomført fem folkemøter, dialog med ungdom, ungdomsråd og eldreråd, innbyggjarundersøking og lokal rådgjevande folkerøysting.

Kommunestyret i Tingvoll tilrar at Tingvoll kommune skal bestå som eigen kommune.

Vi rår til at Stortinget vedtek dette i si handsaming av kommunereforma.

Behandling i Kommunestyre - 16.06.2016

Det ble stemt over rådmannens innstillingen, som ble vedtatt mot en stemme.

Vedtak:

Kommunestyret i Tingvoll meiner at vi har gjennomført Stortinget sitt krav om å utgreia kommunereforma. Det har skjedd gjennom faglege utgreiingar av 15 strukturalternativ på Nordmøre, der Tingvoll er ein del av 5 alternativ, og ein omfattande lokal og regional prosess. Vi har gjennomført fem folkemøter, dialog med ungdom, ungdomsråd og eldreråd, innbyggjarundersøking og lokal rådgjevande folkerøysting.

Kommunestyret i Tingvoll tilrår at Tingvoll kommune skal bestå som eigen kommune.

Vi rår til at Stortinget vedtek dette i si handsaming av kommunereforma.